



Nynorsk kultursentrum

Protokoll styremøte

Ivar Aasen-tunet, Ørsta

Fredag 7. desember 2018 kl. 09.30–13.48

Til stades

Lodve Solholm, Hilde Barstad, Sæbjørn Forberg, Janne Nygård, Jon Østbø, Siri Beate Gjerde, Gaute Øvereng (observatør, sak 63/2018), Stina Aasen Lødemel (observatør, sak 63/2018), Geir Netland (observatør, sak 63/2018), Kristian W. Rantala (observatør, sak 63/2018) og Per Magnus Finnanger Sandsmark (sekretær).

Forfall

Hilde Bjørnsvik, Bjørn Lødemel (vara), Sven-Roald Nystø (vara) og Per Halse (observatør).

Sakliste

57/2018	Innkalling og sakliste
58/2018	Godkjenning av protokollar
59/2018	Referatsaker
60/2018	Aktuelle saker
61/2018	Personalsaker
62/2018	Rekneskap januar–oktober 2018
63/2018	Drifts- og investeringsbudsjett 2019
64/2018	Likviditetsbudsjett 2019
65/2018	Årsmelding 2018
66/2018	Søknader om offentlege tilskot 2020
67/2018	D-huset i Lom
68/2018	Ny nettstadstruktur
69/2018	Samlings- og forskingsplan nr. 5 2019–2022
70/2018	Språkrådets framtidsutval
71/2018	Kulturmeldinga og utgreiing om ansvarsfordeling
72/2018	Utnemningar og innstillingar
73/2018	Møteplan og møtestader i 2019
74/2018	Retningslinjer mot seksuell trakassering
75/2018	Resultatvurdering Litteraturdagane i Vinje
76/2018	Resultatvurdering Ulvik poesifestival
77/2018	Resultatvurdering haustsesongen 2018
78/2018	Resultatvurdering 25-årsjubileet

57/2018 Innkalling og sakliste

Vedtak

Innkalling og sakliste er godkjende.

58/2018 Godkjenning av protokollar

Vedtak

Protokollane frå styremøta 27.9. og 9.11. er godkjende.

59/2018 Referatsaker

Vedtak

Styret tek informasjonen til vitende.

60/2018 Aktuelle saker

Vedtak

Styret tek informasjonen til vitende.

61/2018 Personalsaker

Vedtak

Styret tek informasjonen til orientering.

62/2018 Rekneskap januar–oktober 2018

Vedtak

Styret tak rekneskap januar–oktober 2018 til vitende.

63/2018 Drifts- og investeringsbudsjett 2019

Vedtak

1. I 2019 er resultatkrava på til saman 450': Administrasjonen 50', Aasen-tunet 300', Hauge-senteret 75', Vinje-senteret 25' og Allkunne 25'.
2. Styret godkjenner drifts- og investeringsbudsjett for 2018 under føresetnad av at drifta kan finansierast.

64/2018 Likviditetsbudsjett 2019

Vedtak

Styret tek likviditetsbudsjettet for 2019 til vitende.

65/2018 Årsmelding 2018

Vedtak

På grunnlag av drøftinga i møtet får styret framlegg til årsmelding 15.2.2019 med merknadsfrist 19.2.2019. Styret gjer endeleg vedtak på møtet 27.2.2019.

66/2018 Søknader om offentlege tilskot 2020

Vedtak

Administrasjonen arbeider vidare med søknader om offentlege tilskot 2019 på grunnlag av drøftinga i styret.

67/2018 D-huset i Lom

Vedlegg

[Rapporten «Diktarar og dialektar»](#). Sendt ut i eiga postsending.

Vedtak

1. Nynorsk kultursentrum går ikkje vidare med planane om å etablere Diktarhuset i Lom. Utgreiingsprosjektet er avslutta, og kommunane får utbetalt overskotet frå utgreiingsarbeidet etter at rekneskapen er avslutta.
2. Nynorsk kultursentrum er opne for tettare samarbeid med Diktardagar SA, og framtidige samarbeidsprosjekt med kommunane og andre aktørar i Ottadalen. Enkeltprosjekt blir vurderte i kvart enkelt tilfelle.
3. Etter at basisutstillinga for Vinje-senteret er fullfinansiert drøfter styret i Nynorsk kultursentrum Dialekthuset, eventuelle lokaliseringar og framdrift på nytt.

68/2018 Ny nettstadstruktur

Framlegg til vedtak

1. Nynorsk.no er frå 1.1.2019 hovudadressa for Nynorsk kultursentrum, og erstattar Aa-sentunet.no som fellesadresse.
2. Styret meiner at nettstadene i Nynorsk kultursentrum i størst mogleg grad må vere knytte til same publiseringsløysing, men ser at ein kan trenge tilpassa løysingar for Allkunne.no, Handlenett.no og Lurivar.no.
3. Styret sluttar seg til framdriftsplanen for ny nettstadstruktur for Nynorsk kultursentrum.
4. Styret sluttar seg til nye målformuleringar for nettstadene Nynorsk.no, Aa-sentunet.no, Haugesenteret.no, Vinjesenteret.no, Festspela.no, Poesifestivalen.no, Litteraturdagane.no, Allkunne.no og Lurivar.no.
5. Styret bed administrasjonen sjå nærare på korleis merkevarene Handlenett.no skal bli profilert, inkludert namn, logo og integrering på nettstadene i eigen styresak februar 2019

69/2018 Samlings-, dokumentasjons- og forskingsplan nr. 5 2019–2022

Vedtak

1. Styret godkjenner *Samlings-, forskings- og dokumentasjonsplan nr. 5 2019–2022* med dei merknadene som kom fram i møtet.
2. Styret handsamar neste utgåve av planen i 2021.
3. Styret bed administrasjonen leggje fram ei sak om minneinnsamling til møtet 27. februar 2019. Styret bed administrasjonen kome med tiltak som prioriterer forskning i arbeidet med ny *Visjon og strategi* og til perspektivdagen.

70/2018 Språkrådets framtidsutval

Vedtak

Styret i Nynorsk kultursentrum behandlar i styremøtet 12. juni 2019 innspel til arbeidet med Språklova og Språkmeldinga. Administrasjonen tek med seg drøftingane i møtet i det vidare arbeidet med saka.

71/2018 Kulturmeldinga og utgreiing om ansvarsfordeling

Vedtak

1. Med bakgrunn i tidlegare vedtak om oppgåvefordeling og drøftingane i møtet får styreleiararen fullmakt til å gjere ferdig ei høyringsfråsegn til Stortinget behandlar saka.
2. Nynorsk kultursentrum held fram med dei avtalane som finst om fordelinga av statleg, regionalt og kommunalt tilskot som er i dag, og som er planlagd for Vinje-senteret.

72/2018 Utnemningar og innstillingar

Vedtak

Styret sluttar seg til framlegget til oppnemningar og gir styreleiar fullmakt til endeleg oppnemning på grunnlag av saksførelegget og drøftingane i møtet. Styret innstiller til Rådet på Tom Hetland som ny valkomitémedlem.

73/2018 Møteplan og møtestader i 2019

Vedtak

Møtet 11.10.2019 blir lagt til Ulvik.

74/2018 Retningslinjer mot seksuell trakassering

Vedtak

Administrasjonen tek med drøftingane frå møtet i vidare arbeid med saka.

75/2018 Resultatvurdering Litteraturdagane i Vinje

Vedtak

1. Styret tek informasjon og drøfting til vitende.
2. Litteraturdagane i Vinje blir gjennomført 23.–25. august 2019, som planlagd. Datoar for festivalane i 2020 og 2021 blir vedtekne i styremøtet 27.2.2019. Seinast juni 2021 avgjer styret i Nynorsk kultursentrum om det skal vere litteraturdagar kvart år eller annakvart år.

76/2018 Resultatvurdering Ulvik poesifestival

Vedtak

Styret tek informasjon og drøfting til vitende.

77/2018 Resultatvurdering haustsesongen 2018

Vedtak

Styret tek informasjon og drøfting til vitende.

78/2018 Resultatvurdering 25-årsjubileet

Vedtak

Styret tek informasjon og drøfting til vitende.

Godkjend protokoll

Protokoll frå skriftleg møte 7. desember 2018 er godkjend i møte 27. februar 2018.

Lodve Solholm

Hilde Barstad

Sven-Roald Nystø

Sæbjørn Forberg

Siri Beate Gjerde

Janne Nygård

Jon Østbø

Per Magnus F. Sandsmark